

VEDTEKTER FOR MØNSHAUGEN BARNEHAGE SA.

INNHALD

VEDTEKTER FOR ANDELSLAGET MØNSHAUGEN BARNEHAGE SA MED ANDELSKAPITAL

- 1 Namn
- 2 Formål
- 3 Partseigarar
- 4 Rettsleg disposisjonsevne, ansvar for gjeld
- 5 Årsmøte
- 6 Årsmøtets oppgåver
- 7 Avstemmingsreglar for årsmøte
- 8 Bruk av årsoverskot
- 9 Oppløysing og avvikling
- 10 Ekstraordinært årsmøte
- 11 Styret
- 12 Dagleg leiar (styrar)
- Underskrift

VEDTEKTER FOR MØNSHAGEUN BARNEHAGE I HENHOLD TIL BARNEHAGELOVA § 8

- 13 Eigarforhold
- 14 Formål
- 15 Opptakskriterier
- 16 Fastsetjing av foreldrebetaling
- 17 Samarbeidsutval
- 18 Opningstider og feriar
- 19 Leike og opphaldsareal
- Underskrift

VEDTEKTER FOR ANDELSLAGET MØNSHAUGEN BARNEHAGE SA

1. Mønshaugen barnehage

Barnehagens namn er Mønshaugen barnehage SA, org.nr. 971501898.

2. Formål

Samvirkelagets formål er å eiga og driva Mønshaugen barnehage til beste for partseigarane. Føretaket skal fremma medlemmanes økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå føretaket. Formålet er ikkje kapitalavkastning til partseigarane då avkastinga blir ståande i verksemda.

Barnehagen skal drivast i samsvar med gjeldande lover og forskrifter for barnehageverksemd.

3. Partseigarar

Samvirkelaget er opent for foreldre/føresette som har plass i barnehagen. Når foreldre/føresette har akseptert tilbodet om plass, pliktar dei seg å kjøpa ein part for kvar plass som er akseptert. Utover kjøp av part føreligg det ingen plikt til å betala medlemskontingent i samvirkelaget.

Kvar part lyder på kr 500,-. Partsinnskotet forrentast ikkje. Parten kan overdragast mellom føresette som har felles barn. Slik overdraging krev samtykke frå dagleg leiar.

Partar og partskapital kan skifta, men det kan ikkje lagast eller teiknast fleire partar enn det er plassar i barnehagen. Det er høve til å kjøpe fleire partar. Kvar part gjev rett til plass til eit barn i barnehage så sant forpliktingane til samvirkelaget er oppfylt.

Partsinnskotet skal vera betalt før partseigar kan nytta sin rett til bruk av barnehageplass. Ved innløyasing av part skal partsinnskotet utbetalast til partseigaren før parten kan overdragast til ny partseigar.

Dersom partseigar misligheld sine forpliktingar overfor samvirkelaget, kan samvirkelaget ved styret gi partseigar ein irettesetting eller, i alvorlege tilfelle, ekskludere partseigar. Ved eksklusjon kan styret krevje innløyasing av part. Partseigar har krav på skriftleg melding om eksklusjonsvedtaket som inneheld opplysingar om eksklusjon og fristen for partseigar for å krevje vedtaket lagt fram for årsmøtet. Frist for den ekskluderte til å krevje vedtaket lagt fram for årsmøtet er ein månad etter at partseigar fekk melding om eksklusjonsvedtaket.

4. Rettsleg disposisjonsevne. Ansvar for gjeld

Samvirkelaget er eit eige økonomisk rettssubjekt med avgrensa ansvar for gjeld. Den enkelte partseigar har ikkje ansvar for samvirkelagets økonomiske forpliktingar utover verdien av innbetalt part.

5. Årsmøte

Årsmøtet er samvirkelagets øvste organ. Årsmøtet skal haldast innan utgangen av april månad. Årsmøtet skal innkallast skriftleg av styret med minst ein månads varsel. Slik

varsel skal innehalde foreløpig dagsorden. Forslag til saker frå partseigar må vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Endeleg dagsorden skal sendast til partseigarar minst ei veke før årsmøtet. Saman med den endelege dagsorden sendast sakspapira med forslag til vedtak frå styret.

På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag som ikkje er oppført på dagsorden.

Alle partseigarar har møterett i årsmøtet. Partseigarar kan vere representert ved fullmakt.

På årsmøtet skal det førast protokoll. Møteleiar skal syta for at det vert skrive protokoll frå årsmøtet.

6. Årsmøtets oppgåver

Styret kallar inn og fastset sakliste som mellom anna skal innehalde

1. Val av møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen.
2. Styrets årsmelding.
3. Godkjenning av årsrekneskap og evt. disponering av årsoverskot.
4. Val av styremedlemmer. Styreleiar og nestleiar skal veljast særskilt.
5. Val av revisor.
6. Eventuelle forslag om vedtektsendringar.
7. Eventuelle forslag om oppløysing.
8. Andre saker som er korrekt meldt inn til handsaming.

7. Avstemmingsreglar for årsmøtet

Kvar part har ei stemme. Partseigarar som skuldar meir enn ein månads foreldrebetaling har ikkje stemmerett.

Eit vedtak av årsmøtet krev at fleirtalet av dei som deltek i behandlinga av ein sak stemmer for. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme. Blanke stemmer skal sjåast som ikkje gitt. Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal.

Vedtektsendringar som inneber

1. Vesentlege endringar av samvirkelagets formålsbestemmingar
2. Meir tyngande heftingsreglar for partseigarane
3. Skjerpingar i plikta til å gjere innskot i samvirkelaget
4. Innføring av omsettingsplikt med føretaket eller vesentleg skjerping av slik plikt
5. Avgrensingar i retten til å tre ut

Krev 4/5 fleirtal.

Det vert ikkje stilla krav til kor mange av dei stemmeberettiga som må vere tilstades for at årsmøtet skal vera beslutningsdyktig. Fullmaktsstemmer kan gis. Ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem. Det skal leggjast fram skriftleg og datert fullmakt.

8. Bruk av årsoverskot

Årsoverskotet skal godskrivas eigenkapitalen i samvirkelaget.

9. Oppløysing og avvikling

Oppløysing av samvirkelaget kan berre handsamast i årsmøte, og med same fleirtal som gjeld for vedtektsendringar. Når vedtak om oppløysing er fatta skal årsmøtet velje eit avviklingsstyre som erstattar styret og dagleg leiar. Valet gjeld på ubestemt tid med ein oppseiingsfrist for medlemmane på tre månadar.

Ved oppløysing skal samvirkelagets formue, etter gjeldsavlegging og utbetaling av partsinnskot, tilfalla Bjørgum Idrettslag.

Etter avslutta utdeling skal avviklingsstyret leggja fram revidert oppgjer for årsmøtet. Når oppgjeret er godkjent skal det meldast til foretaksregisteret at føretaket er endeleg oppløyst.

10. Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal avviklast når styreleiar eller minst halvparten av styret krev det. Det same gjeld dersom ein tidel av partseigarane krev det. Det skal då kallast inn på same måte som til årsmøtet, men med minst 14.dagars varsel. Sakspapira skal beskriva saksforholda og forslag til vedtak. Det skal også informerast om kven som har kravd møtet.

11. Styret

Samvirkelaget skal leiast av styret, som er samvirkelagets høgaste mynde i mellom årsmøta. Styret er arbeidsgjevar og har dermed arbeidsgjevaransvaret for barnehagen. Styret har ansvar for at barnehagen vert driven i tråd med gjeldande lover og forskrifter.

Dagleg leiar er arbeidsgjevars representant i barnehagen.

Samansetjing av styret

Styret er sett saman av fire personar. To representantar frå partseigarane, dagleg leiar og ein representant frå personalet.

Styremedlemmar vert valt for to år om gongen og så langt det let seg gjera skal det sikrast kontinuitet ved at ikkje for mange styremedlemmar vert bytt ut i løpet av kort tid. Det skal også veljast to vararepresentantar til styret.

Styreleiar vert valt på årsmøtet. Styremøte skal haldast etter innkalling frå styreleiar eller dersom minst halvparten av styret krev det. Har eit styremedlem forfall skal varamedlem kallast inn.

Styrets arbeidsform

Styreleiar skal sørgje for handsaming av aktuelle saker som høyrer inn under styret. Styremedlemmane og dagleg leiar kan krevje at styret handsamar bestemte saker.

Styremøte og anna sakshandsaming skal varslast på hensiktsmessig måte og med naudsynt frist.

Styret skal handsama saker i møte om ikkje styreleiar finn at saka kan leggjast fram skriftleg eller handsamast på anna trygg måte. Styreleiar skal syta for at styret skal delta i ei samla handsaming av saker som handsamast utan møter. Styremedlemmar og dagleg leiar kan krevje møtehandsaming.

Styremøta skal leiast av styreleiar. Dersom verken styreleiar eller nestleiar er tilstades skal det veljast ein sakshandsaminga. Dagleg leiar har rett til å uttale seg om ikkje styret bestemmer noko anna i den enkelte saka.

Styret er vedtaksdyktig når meir enn halvparten av styremedlemmane er tilstades. Styret skal likevel ikkje gjere vedtak utan at alle styremedlemmar så langt det let seg gjere har fått moglegheit til å delta i handsaming av saka.

Ei avgjersle av styret krev fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme. Er ikkje styreleiar tilstades gjeld styreleiar fullmakt eller det som møteleiar har stemt for.

Det skal førast protokoll frå styremøte. Protokollen skal minst innehalde tid og stad, deltakarar, handsamingsmåte og avgjersler. Styremedlemmar som ikkje er einige i styrets avgjersler kan krevje si meining innført i protokollen. Protokollen skal underskrivast av dei som har delteke i møtet. Protokollen er berre tilgjengeleg for styret, dagleg leiar og dei personane som styret gjev tilgang til.

Styrets arbeidsoppgåver

- Styret skal syte for at samvirkelagets formål vert realiserte.
- Styret har ansvar for barnehagens økonomi og bemanning.
- Styret har ansvar for budsjett.
- Styret vel rekneskapsførar og har ansvar for god rekneskapsførsel.
- Styret har ansvar for at rekneskapen og styrets beretning vert lagt fram på årsmøtet.
- Styret tilset dagleg leiar.
- Samvirkelaget forpliktaast utad av styret ved underskrift av styreleiar åleine eller dagleg leiar åleine.
- Styret avgjer eventuell eksklusjon av partseigarar.
- Styret skal leia og føra tilsyn med at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtekter.
- Styret skal utarbeida ein styreinstruks.

12. Dagleg leiar (styrar)

Dagleg leiar er barnehagens administrative og pedagogiske leiar. Dagleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsystem som samsvarar med gjeldande lover og forskrifter.

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av samvirkelagets verksemd og skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter samvirkelagets forhold er av uvanleg art eller stor betydning.

Dagleg leiar skal sørge for at samvirkelagets rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter og at formueforvaltinga er ordna på ein trygg måte.

Styret kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gjev styret ei nærare forklaring på enkelte saker. Dagleg leiar skal gje slik forklaring som eit styremedlem krev til alle medlemmar i styret.

Godkjenning av

VEDTEKTER FOR ANDESLAGET MØNSHAUGEN BARNEHAGE SA MED ANDELSKAPITAL

Voss 23.03.2026

Anna Flatekval
Styreleiar

Ragnhild Tennebekk Bjørke
Foreldrerepresentant

Solfrid Hjelle
Dagleg leiar

Magnhild Bøe Lysne
Personalrepresentant

VEDTEKTER FOR MØNSHAUGEN BARNEHAGE I HENHOLD TIL BARNEHAGELOVA § 8

13. Eigarforhold

Barnehagen er ein sjølveigande økonomisk foreining, driven som eit samvirkelag. Mønshaugen barnehage SA ligg i Voss Herad. Det er dagleg leiar som representetar barnehagen utad. Signaturrett har eigar og dagleg leiar.

14. Formål

Samvirkelaget sitt formål er å eiga og driva etter eit ideelt og ikkje eit økonomisk formål.

Barnehagen skal drivast i samsvar med dei til ei kvar til gjeldande lover, forskrifter, vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen sitt pedagogiske arbeid, jf. Barnehagelova §1.

15. Opptakskriterier

1. Barn med nedsett funksjonsevne, jf. § 18 i barnehagelova
2. Barn det er fatta vedtak om etter barnevernslova, jf. § 4.4
3. Bedriftsplass for medlemmer av føretaket og tilsette sine barn. Pri 1: tilsette sine barn. Pri 2: Styret sine barn. Pri 3: Partseigarar sine barn(søsken).
4. Barn frå barnehagar som vert lagt ned
5. Barn av einslege forsørgjarar
6. Fødselsdato

Mønshaugen barnehage SA har berre 100% plassar til disposisjon. Barn som har fått tildelt plass har rett på denne fram til skulestart.

16. Fastsetjing av foreldrebetaling

Foreldrebetaling vert fastsett av styret og føl dei statlege føringane for makspris. Betaling for kost kjem i tillegg. Det er ein betalingsfri månad i året, det er juli månad.

17. Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal ha tre medlemmar, ein frå foreldra, ein frå dei tilsette og dagleg leiar. Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samlande organ. Samarbeidsutvalet har rett til å uttala seg i saker som er av betydning for barnehagens innhald, verksemd eller forholdet til foreldra.

18. Opningstid og feriar

Barnehagen har ope frå 07.30 til 16.30 måndag til fredag.

Barnehagen held stengt jolaftan og i romjula, påskeveka og andre helgedagar.

I løpet av året har barnehagen 6 planleggingsdager, då er også barnehagen stengt.

Barnehagen er sommarstengt i tre veker, veke 29,30 og 31.

19. Leike- og oppholdsareal

Inne- arealet i barnehagen er på 97,1 kvadratmeter og er godkjent for 21 plassar. Ute- arealet er greitt, og i tillegg har me eit flott skogsområde fem minuttars gangavstand frå barnehagen.

Godkjenning av

VEDTEKTER FOR MØNSHAGEUN BARNEHAGE I HENHOLD TIL BARNEHAGELOVA § 8

Voss 23.03.2026

Anna Flatekval
Styreleiar

Ragnhild Tennebekk Bjørke
Foreldrerepresentant

Solfrid Hjelle
Dagleg leiar

Magnhild Bøe Lysne
Personalrepresentant